


# På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, S. Aadland



## Jubileumsfest Haga kyrkje

Kyrkja me bygd, - vakker og verdig,  
til ære for Gud, - til teneste ferdig.

Døra er opna. Kom berrre inn!  
her er det rom for alle sinn,  
- for den som gladlyndt let orda fløyma,  
og den som stilt seg i krå vil gøyma,  
- for den som tvilar og den som trur.  
Må alle få røyna her kjærløik bur!

Ung og gamal, liten og stor  
her skal me sitja ved samø bord  
- og kjenna varmen i hopehavet  
- og læggja frå oss alt kvardagskavet.

Må uroa stilna og lengten bli støtta,  
må mennesket finna si sjelømetta -  
i lysset frå Gud gjennom tonar og ord,  
i kraфта som strøymør frå himmel til jord.  
Må alle få kjenna: Døt er døtte øg trøng!  
Eg høyrer til i Guds samanhøng!

Frå prologen «Mennesket bygger» skriven av Bjørg Haukanes  
til innviinga av kyrkja på Haga.



I år er det 25 år sidan kyrkja på Haga vart vigsla. Me ynskjer å feira dette med ein festdag først-komande søndag, **15. mars**. Då kan du koma og vera med i kyrkja heile dagen om du vil, eller berre koma innom på det som passar for deg.

Svein Høysæter som arbeidde som ungdomsprest i Samnanger på nittitalet, var ein ivrig forkjempar for det nye kyrkjebygget. Han skal halda tala på jubileums-gudstenesta. Det vert søndags-skule for borna samstundes, slik det brukar vera i kyrkja på Haga.

Retten etter gudstenesta vert det billedkavalkade med glimt og

filmklipp frå både grunnsteinsnedlegging, bygging og desse åra som har gått sidan kyrkja var ny. Denne framsyninga vil også gå på storskjerm i pausane resten av dagen.

Så vert det middag å få, og etterpå går borna i ungdomslokalet og har skikkeleg fødselsdagsfest med både songar, ansiktsmaling, leikar og gode overraskingar. Dei vaksne kan pratast, sjå bilde eller ta seg ein luftetur medan dei ventar på at kaffi og kaker skal koma på bordet.

Og no snakkar me om skikkeleg kakefest med stort kakebord! Tidlegare biskop Ole Hagesæter som vigsla kyrkja, vert med og

vil koma med helsing. Tidlegare sokneprest Audun Aase kjem også.

Dagen vert avslutta med ein konsert der me får høyra den nye kyrkjemusikaren vår, Torgeir Kinne Solsvik, både åleine og saman med Simon Nilsen på klarinett og Knut Inge Røen på song. Solhild R. Hauge vil også syngja for oss, og sist men ikkje minst: SoulX-bandet som kan seiast å nærast ha grodd fram i kyrkja på Haga. Her vert det altså både gjenhøyr med nokre av dei mest brukte solistane og musikarane våre, men og noko nytt! Variert musikk frå fleire sjangrar. Me gler oss og håpar mange vil vera med oss å feira Haga kyrkje denne dagen!

### Frå kyrkjeboka



#### Døypete

8.3.20.

- Alva Prestnes Tveit  
- Isak Langeland  
- Markus Bjørkmo



#### Døde

20.1.20.

Erling Østvik

29.1.20.

Olav Birger Lien

4.2.20.

Signe Ådland

5.2.20.

Magnhild Aslaug Ådland

13.2.20.

Laila Johanne Bauge

21.2.20.

Nina Reistad

21.2.20.

Magnhild Røyrbotten

### T.O.-TILTAK

27.mars -KRIK-cup

for 7.klasse-18 år

28.mars - Påskeverk-

stad for 7-åringar

29.mars - Noa-samling

for 5-åringar

## PROGRAM 15.MARS:

Kl. 11.00 **Gudsteneste**  
Tale v. Svein Høysæter

Etter gudst.: **Billedkavalkade**  
med bilde og filmklipp frå Haga kyrkje frå grunnsteinsnedlegginga og til i dag.  
(Denne vil også gå på storskjerm i pausane resten av dagen)

Kl. 13.00 **Middag** – betasuppe

Kl. 14.00 **Bursdagsfest for born** med ansiktsmaling, leikar og overraskingar.

Kl. 15.30 **Kaffi og kaker**  
Ope for helsingar  
Tidl. biskop Ole Hagesæther tek del

Kl. 17.00 **Konsert**  
Torgeir Kinne Solsvik, Simon Nilsen, Knut Inge Røen, Soul X- band, Solhild R. Hauge